



Seim Barnehage Sa
Lurevegen 171
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3238 - 18/21109

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2018

Kompensasjon for søskenmoderasjon våren 2018

I forskrifta for foreldrebetaling, §3, står det:

«Barnehageeier skal få dekket reduksjonen i foreldrebetalingen knyttet til søskenmoderasjon av det offentlige.»

Dekking av søskenmoderasjon er ei refusjonsordning på sida av systemet. Ut i frå dykkar opplysningar om søskenmoderasjonar i barnehagen for januar – juli 2018, har vi kome fram til at de for denne perioden har rett på ein søskenmoderasjon på 104 411 kr.

Excel-fila som viser korleis vi har rekna ut refusjonen, blir sendt dykk over e-post. Beløpet bli sendt vil med det første.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarende beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

De kan klage til Fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. De har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, tredje ledd.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Barnehage Sa

Lurevegen 171

5912

SEIM